

Referat Ungdomsrådsmøte

20.april kl 10-13 i Kommunestyresalen og i området rundt Bømlo kulturhus

Tilstades: Emilie Engseth Nyhammer, Tuva Lodden, Bjarte Notland Tjensvoll, Eirik Nitter, Hannah Oliva Høgmo Breivik, Hannah Stokkenes Jenkins, June Meling Tverborgvik, Lina Eidet, Marianne Steinsvåg Tollaksvik, Mats Rissmann-Bredesen, Selma Meling, Thilde Brendeseter, Vetle Sortland Rolfsnes og Åsa Totland.

Fråfall: Line Eidesvik og Silas Eidesvik

Tilstades frå fadrar/eksterne: Siv Linda Vespestad (representant kommunestyret, med på fyrste del av møtet), Mona Steinsland (Vestland fylke), Alf Helge Greaker (Samfunnsplanleggjar, med på siste del av møte), Lene Borgen Waage (rådgivar folkehelse og frivilligheit, koordinator)

PS 14/22 Arrangement med bidrag frå ungdomsrådet

- Konsert 5. juni + Ungdomsdebatt 13.juni
 - o 2 representantar til paneldebatten – Hannah + Aleksander (Rubbestadneset vgs)
 - o Alle må sende mail til Vilde i Moster 2024 for å få gratisbillett til Daniel Kvammen
- ABCD-festival
 - o Ungdommane har sendt mail til Kjersti Toppe, men ikkje fått svar
 - o Ungdomsrådet blir intervju
- Folk på Bømlo – Ungdomsrådet samarbeider med BUA for å visa fram og prøva ut aktivitetar
- Møteplassar
 - o Langevåg – Camp Kåsa (utgikk som sak – Hillestveit sine representantar har hatt møte med Langevåg utvikling og bidrag i planlegginga av Camp Kåsa)
 - o Svortland – Erfaringar Gullsmio og skisse
 - Positiv start med nokre få deltakarar
 - Skilt i sentrum på mandagane

PS 15/22 Oppdrag/spørsmål til ungdomsrådet

- Søknad om midlar – Ungdomsrådet løyver 5000,- til avslutningsball Bremnes ungdomsskule. Neste skuleår oppmodar me dei to andre skulane om å søkja.
- Gamle BUS – ungdomsrepresentantar: Kommunestyret vedtok etter forslag frå Siv Linda Vespestad at ungdomsrådet oppnemner to representantar til arbeidsgruppe for Gamle BUS. Eirik, Mats og Hannah B meldte seg. Alle tre blir meldt inn til gruppa, der ein blir definert som møtande vara.
- Høyring miljøgata: Det er laga utkast reguleringsplan for miljøgata på Svortland på oppdrag frå Vestland fylke. Ungdomsrådet diskuterte raskt forslaget og løfta fram at støy og forureining gjer at det ikkje er så aktuelt å nytte områda i nær tilknytning til miljøgata som møteplassar: «Me vil ikkje sitta der og få sand i ansiktet når trailarane køyrer forbi». Uttala blir innarbeidd i rådgivar for folkehelse og frivilligheit sin uttale til planen.
- Filmfestival (utgikk)

PS 16/22 Eit døgn i Bømlo - Frå vandring til konsept (oppsummeringa er laga i samarbeid med Mona Steinsland frå Vestland fylke)

- Del I – Inne
 - o Mona Steinland innleia med ein presentasjon frå førre møte, rusletur med ungdomane og generasjonen på 65 + i Svortland sentrum 10. og 11. november 2021.

- Ungdomen viste og presenterte blyantskisse med idear til møteplass utanfor, snakka om fysiske tillegg og tankar til nye **veremåtar**, gjeremål og aktivitetar i grøntområdet på nestet, langs Storavatnet og kring kulturhuset (mest i området til vatnet mot vest og nord).
- Del II ute, på neset (kulturneset) og kring kulturhuset:
 - Lunsj (pizza) ute ved kulturhuset i det grøne.
 - 1:1 øving ute i situasjonen som ungdomane hadde fått tildelt, handlingsrom og mandat (løyve) til å endre.
 - Ungdomen kan legge til ny aktivitet og nye element (reiskap/instrument) og slik invitere til ny bruk av området. Slik opnar ungdomen for nye veremåtar, skissa styrker tradisjonelle møteplassar (eksisterande bruk) og opnar for nye møte med ungdom, fleire ungdomar og andre i området.
 - Øvinga vart dokumentert med markering (skisse) og notat kart og fotografert av Lene, Alf Helge og Mona
 - Ungdomen viste oss fysisk sin plass (den situasjonen kvar og ein av dei likte seg best i) og fortalte oss kvifor. Felles gjennomgang på staden, samtale/forteljing, spørsmål og svar for klargjere posisjon, stad og samanheng, nye innlegg og omgrep. Felles oppsummering på benkane, inntrykk og nye tankar knytt til skissa. Utvikle og klargjere skisse/ide, mellombels handling og fysisk endring i området, føremål, aktivitet, konkrete innlegg og samanhengar i gitt situasjon.
 - Vi hadde strålande sol og det var stor aktivitet (særskilt mange born) på nestet i og kring kulturhuset denne dagen og når vi var der.
 - Ungdomen fekk kjenne på dette, sjå og prøve ut området sjølv. Dei fekk ny og lokal kunnskap om området, kjennskap til korleis landskapet/området såg ut og vart brukt, samt til sist fekk dei drøfta/utvikla skissa og kva dei kan få til og korleis.
 - Skissene og oppsummeringane blir brukt som grunnlag for vidare utvikling av området.